



Det var fullt kjøer heilt frå opninga av den fire og ein halv time lange salskafeen på loftet hos AFA i føremiddag, kunne Anne Karin Myhre melda.

Dermed vart også salskafe nummer fem på den viktige arbeidsplassen ein suksess (biletet øverst). Og uskedalen.no kunne også i år notere seg at det kom kjøparar frå andre delar av Kvinnherad.

Dei let seg ikkje minst frista av mange smakfulle og fargerike julegåver, som kuvertbrikker med englar og nissar, sitteunderlag av tova ull, vinhøner, advents- og juleløparar, vesker og nett, toalettvesker, støvlettkattar og filleryar. Kreativiteten, skapargleda - og fargegleda - er stor på AFA!

Som i fjor hadde vertskapet også si fulle hyre med å servera risgraut samt kaker og kaffi, men så lenge vi var der var det inga ventetid!

På biletet under har Målfrid Offerdal frå Sunde ei vinhøne i sikte.

- Eg har vore her nesten kvart år. AFA har så mykje fint å by på. Men eg har kjøpt så mykje gjennom åra at eg nesten ikkje veit kva eg skal satsa på i år, sa Målfrid.

- AFA burde ha slike salskafear oftare, gjerne i samarbeid med lag og foreningar i bygda, var kommentaren frå ein uskedeling.

Av Ola Matti Mathisen

